



Fjelly har ein spesiell plass i hjarta til uskedalingane. (Foto: Magnhild Haugland)

Denne sommaren har det vore betre besøk på den tradisjonsrike ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet enn vanleg fortel Audun Eik til uskedalen.no

- Det kunne sjølvsagt ha vore enda fleire besøkjande, men alt tyder på at det har vore fleire denne sommaren enn gjennomsnittet over ein del år, seier eldsjelen Eik.

Belegget har vore godt gjennom fire-fem heile veker og i ein del av helgane. Det er mest lokale folk som har budd i den no fint restaurerte og innbydande hytta, Så blir den da også fortrinnsvis utlåna til bygdafolk og folk med tilknytning til bygda. No er det ni sengeplassar i den nye og åtte i den gamle delen..

Audn minnar om at sesongen slett ikkje er over. No blir ikkje han tilgjengeleg på nokre veker og leiar i hyttestyret Tor Jarle Kjærland er den som interesserte må venda seg til med førespurnad om hyttelån. Han har telefonane 45 86 85 88 og 53 48 65 88.

Apropos tradisjonar: Faktisk var det så langt attende som i 1917 tanken om ungdomslagshytta vart sådd, av lærar Dagny Tyse frå Stord. Jonas Våge frå Stavanger som var arbeidsformann på hermetikkfabrikken i Beinavikjo var den fremste pådrivar og formann i hyttenemnda.

Hytta kom opp i 1917 og 1918 etter ein imponerende dugnadsinnsats.

I dei mange åra som har gått er ho bygd ut og restaurert i fleire omgongar.

Av Ola Matti Mathisen